

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Hjelle Hotel, Oppstryn

Dato: 15.06.2020

Tidspunkt: 10:00

Velkommen til det tredje møtet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2020.

Møtet finn stad på Hjelle Hotel i Oppstryn, der vi får god lunsj.

Etter styremøtet blir det offisiell opning av driftevegen i Sunndalen. Ta med gode sko og kle tilpassa skiftande vertilhøve.

Vi minner alle om å ta omsyn og halde seg til FHI sine gjeldande koronaregler.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Tor Arne Hauge på tlf. 90192471.

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing

Tor Arne Hauge

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 14/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/20	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 16/20	Referatsaker Orienterings- og drøftingssaker: 1. Status for sekretariatet 2. Siste nytt frå nasjonalparksentera 3. Orientering frå SNO Jostedalsbreen 4. Status tiltaksplan 2020 5. Status forvaltningsplan og besøksstrategi 6. Norges nasjonalparker - ny nettside 7. Mediesaker sidan sist 8. Dato for neste møte		
RS 8/20	Varsel om utsetting av all planlagt feltaktivitet våren 2020 i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet		2020/4234
RS 9/20	Referat frå drøftingsmøte om innfallsportar Tungestølen og Veitastrond 26.05.2020		2020/9015
RS 10/20	Referat frå styremøte i Skållastilaget		2019/10266
RS 11/20	Synfaring Fåbergstølsbreelvi og søknad om forlenga løyve.		2019/13791
RS 12/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - innfallsporten Bøyabreen - status etter møte om toalettløysing ved Bøyabreen		2019/6338
RS 13/20	Bakomfilmen fra Veri Media		2019/16690
RS 14/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsel - drone - Lodalskåpa - Paal Andre Lund		2020/8850
RS 15/20	Annerledessommeren 2020		2020/7644
ST 17/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - Store Supphellebreen - uttak av breis - Ivar Supphellen og Trude Solli		2020/2988
ST 18/20	Delegerte saker		
DS 1/20	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalsbreen - helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm - Visit Nordfjord - auka tal turar		2020/2358

DS 2/20	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida flyperiode for helikoptertransport til Skålbu 2020 - Bergen og Hordaland turlag	2019/3916
---------	---	-----------

ST 14/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 15/20 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 16/20 Referatsaker

- RS 8/20 Varsel om utsetting av all planlagt feltaktivitet våren 2020 i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet**
- RS 9/20 Referat frå drøftingsmøte om innfallsportar Tungestølen og Veitastrond 26.05.2020**
- RS 10/20 Referat frå styremøte i Skålastilaget**
- RS 11/20 Synfaring Fåbergstølsbreelvi og søknad om forlenga løyve.**
- RS 12/20 Jostedalsbreen nasjonalpark - innfallsporten Bøyabreen - status etter møte om toaettløysing ved Bøyabreen**
- RS 13/20 Bakomfilmen fra Veri Media**
- RS 14/20 Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsel - drone - Lodalskåpa - Paal Andre Lund**
- RS 15/20 Aannerledessommeren 2020**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/20	15.06.2020

Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - Store Supphellebreen - uttak av breis - Ivar Supphellen og Trude Solli

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar vilkåra 3 og 4 i løyve gjeve i utvalssak 6/20 om uttak av breis til formidling på Norsk Bremuseum, datert 24.02.2020. Grunneigarane får sjølv høve til å vurdere når på døgnet det er best å hente ut breis. Dette må vurderast ut i frå vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand, fare for isras eller stein frå fonna og turistar i området. Det vert og lov å bruke traktor med tilhengar ved uthenting av is.

Nytt vilkår 3. i løyvet:

3. Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området.

Nytt vilkår 4. i løyvet:

4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.

Vedtaket er heimla i naturmangfaldlova sin § 48 første ledd, første alternativ:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, ...»

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Løyve til uttak av breis, utvalssak 06/20, datert 24.02.2020
- Klage/brev, Vedkjem sak nr.6/20 – uttak av breis – motteke 19.03.2020
- Verneforskrift for Jostedalsbreen
- Naturmangfaldlova

Bakgrunn

Grunneigarane inst i Supphelledalen, med gards- og bruksnummer 158/1 Liseter, og gards- og bruksnummer 158/2 Nedste Supphella, vart i styrevedtak 24.02.2020 i sak 06/20 gjeve dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdsla slik at dei kan ta ut breis til formidling på Norsk Bremuseum på følgjande vilkår.

1. Løyvet har ei ramme på maksimalt fire turar innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
2. Løyvet gjeld frå 24. februar 2020 og i fire år fram til 1. januar 2024.
3. Løyvet gjeld før kl 10.00 og etter kl 19.00 for å redusere talet på besøkjande som vert uroa av støy.
4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med traktor med skuffe langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
5. Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
6. Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
7. Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 15. oktober kvart år.

Klage

Nasjonalparkstyret mottok 19.03.2020 brev med merknader til løyvet frå grunneigarane av gards- og bruksnummer 158/2 Nedste Supphella, Ivar Supphellen og Trude Solli. Brevet er ikkje utforma som ein direkte klage, men peikar på fleire utfordringar som dei som grunneigarar ser med nokre av vilkåra i løyvet.

Nasjonalparkforvaltar tok kontakt med grunneigar Ivar Supphellen for å høyre korleis brevet skulle tolkast, om det var ein klage på vilkåra som dei ynskte handsama i styret. Vi vart samde om at brevet skulle handsamast som ein klage på vilkår 3. og vilkår 4. i løyvet.

Grunneigarane har tidlegare henta ut is tidleg ettermiddag i 14-tida, då det erfaringmessig er mindre turistar i området. Dette er og ei tid som høver bra for ein mjølkebonde.

Men uthenting av is midt på dagen vil vere i strid med vilkår 3 i løyvet, som seier at henting av is må gjerast før kl.10 om føremiddagen eller etter kl.19 om kvelden.

I brevet vert det argumentert med at is må hentast ut når det ikkje er fare for liv og helse, korkje for dei som hentar ut isen eller for andre. Vertilhøve med god sikt og dagslys er avgjerande for å kunne vurdere faren for store ras. Det er og viktig å unngå at det er folk i området, slik at ikkje turistar trur at det er ufarleg å bevege seg under breen.

Ofte vert det henta ut breis med traktor og hengar. På slutten av sesongen kan det vere vanskeleg å ta ut is utan gravemaskin. Dette er i strid med vilkår 4 som avgrensar motorferdselen til traktor med skuffe.

Det vert i brevet/klagen og nemnt at det var søkt om uttak av is generelt, ikkje berre til Norsk Bremuseum.

I samtale med Pål Gran Kielland ved Norsk Bremuseum er det opplyst at det samla behovet for breis til formidling er om lag 5 m².

Vurdering

Det er viktig at uttak av is skjer raskt, effektivt og trygt dei inntil fire gongene i sesongen det skal gjerast. I tryggleik inneber og at det må takast særleg omsyn til mengda turistar i området på det tidspunkt ein ynskjer å ta ut is. Det er avgjerande at ikkje ferdsel med maskiner framme med breen medfører at mange turistar oppfattar området under Store Supphellebre som ufarleg.

Manglande skildringar i søknaden av korleis og kor tid breis har vore henta ut tidlegare ved Store Supphellebreen og kva vurderingar som har vore gjort før kvar uthenting, har truleg medverka til at nokre av vilkåra i løyvet er blitt vanskelege å etterleve. Dette gjeld særleg vilkår nr 3, som avgrensar henting av breis til før kl10 på føremiddag og etter kl19 på kveldstid. Også avgrensingar i type maskiner/køyretøy som kan brukast, vilkår 4, kan skape unødige vanskar for grunneigarane om dei skal gjere jobben raskt..

Vilkår 3 er sett for å redusere talet på besökjande som vert utsett for støy.

Vilkår 4 er sett for å redusere spor av motorisert ferdsel.

I klagen vert det godt skilda kva vurderingar som må gjerast kvar gong ein skal nært inn mot Store Supphellebreen for å hente ut breis. For strenge avgrensingar i tid vil i verste fall kunne gå ut over tryggleiken til dei som hentar ut is og andre i området. Det er etter forvaltar sitt syn best å overlate desse vurderingane til grunneigarane som skal gjere denne jobben. Dei vil måtte vurdere tryggleiken for seg og andre utifrå den aktuelle situasjonen der og då. Difor bør vilkår 3 endrast eller takast ut som vilkår.

Vilkår 4 bør og endrast slik at grunneigarane kan nytte dei køyretøy og maskiner som høver best i samband med uttak av is til bruk ved formidling ved Norsk Bremuseum.

Eit vilkår som kan vurderast å leggje til i løyvet er å setje eit tak for kor stort volum med is som kan takast ut årleg. Dette for å sikre at uttaket av is ikkje er større enn nødvendig for bruken kvar gong.

Det er, slik vi les søknaden, ikkje søkt om uttak av is til anna bruk enn formidling ved Norsk Bremuseum. Det vil det etter nasjonalparkforvaltar si vurdering vere feil å vurdere dette i denne klagesaka. Dersom grunneigarane ynskjer å ta ut breis til annan bruk enn formidling ved Norsk Bremuseum, må det søkjast om i eigen søknad.

For vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12, så viser eg til vurderingane som vart gjort i saksutgreiinga til det opphavelege løyvet (datert 24.02.2020). Endringane som er aktuelle er ikkje større enn at dei vurderingane framleis er gyldige.

Endringane i vilkår vil ikkje medføre auka motorferdsel i området.

ST 18/20 Delegerete saker

Arkivsaksnr: 2020/2358-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 21.04.2020

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegeret vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalsbreen - helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm - Visit Nordfjord - auka tal turar

Delegeret vedtak

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7.september har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møte den 14.mars 2016 gjort vedtak om å delegerere handsaming av einskilde saker av kurant karakter til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffen vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta og saker etter naturmangfaldslova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadane er tilnærma uendra.
- b) Det føreligg ein etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarende saker.
- c) Forvalningsplanen, når den er ferdig revidert, gjev eintydige føringar for utfallet.

I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i den generelle dispensasjonsheimelen § 48 i naturmangfaldlova, å gje Visit Nordfjord utvida løyve med inntil 2 ekstra landingar, til å nytte helikopter i eit omfang som er stengt naudsynt, i samband med produksjon av kortfilm med fjellpioneren Kristian Bing som gjennomgangstema. Årsaka til trongen for auka tal turar, er at tal passasjerar per tur er redusert som følgje av korona-restriksjonar i helikopterbransjen.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyve til helikopterflyging gjeld for ein dag.
- Transporten omfattar inntil 6 turar frå Briksdalen til Brenndalsnibba.
- Flyginga skal skje i perioden 21.-29.april 2020.
- All flyginga skal skje i løpet av ein dag
- Flyginga skal ikkje skje laurdag eller sundag
- Helikopter skal berre nyttast til transport, ikkje til filming frå lufta
- Helikopter skal ikkje synleggjerast på filmen

- Flyginga med helikopter skal ta omsyn til andre brukarar og naturmiljøet
- Av omsyn til hekkande fugl skal helikopteret i størst mogeleg grad vinne høgd midt i dalen, og ikkje flyge nær fjellsidene på veg opp og ned frå Brenndalsnibba.
- Statens naturoppsyn v/Aanne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller underteikna skal ha melding seinast dagen før transporten skal gjennomførast
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.juni om gjennomført flyging

Forvaltar viser til tidlegare sakshandsaming med vurderingar kring verneforskrift og naturmangfaldlov.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Styresak 08/2020 – Jostedalsbreen nasjonalpark – Briksdalsbreen – helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm – Visit nordfjord
- Epost datert 17.04.2020 – Prosjekt Bing – Søknad om ekstra turar med helikopter grunna korona restriksjonar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsama 24.02.2020 søknad frå Visit Nordfjord om løyve til helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm. Det vart gjeve løyve til inntil 4 helikopterturar.

Handsaming i styret 24.02.2020

Forvaltar informerte om telefonsamtale med reiselivssjef Marita Lindvik i Visit Nordfjord 21.02.2020 og e-post frå Visit Nordfjord datert same dag. På grunn av vanskar med gjennomføring av filming i omsøkt periode 06.-08.april 2020, bed Visit Nordfjord om å få endra søknaden til å gjelde perioden 20.-29.april. Det er presisert at søknaden framleis gjeld fire flygingar på ein dag. Løyve i ein lengre periode vil gje større handlingsrom for å finne ein dag med høveleg vertihøve for flyging og filming.

Styret drøfta saka. Fleire gav uttrykk for at saka var i grenseland, og at det var viktig å vise til vurderingar gjort i saksutgreiinga i vedtaket. Dette for å tydeleggjere vurderingane som ligg til grunn for at løyve vert gjeve til akkurat denne søknaden. Det var og semje om å unngå flyging laurdag og sundag.

Styret vedtok samråystes innstillinga med ovannemnde endringar.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev etter den generelle dispensasjonsregelen § 48 i naturmangfaldlova løyve til Visit Nordfjord for motorferdsel i samband med produksjon av kortfilm med fjellpioneren Kristian Bing som gjennomgangstema. Løyvet gjeld på følgjande vilkår og det vert vist til vurderingar i saksutgreiinga:

- *Løyve til helikopterflyging gjeld for ein dag. Transporten omfattar 4 turar frå Briksdalen til Brenndalsnibba.*
- *Flyginga skal skje i perioden 20.-29.april 2020.*
- *All flyging skal skje i løpet av ein dag.*
- *Flyginga skal ikkje skje laurdag eller sundag.*
- *Helikopter skal berre nyttast til transport, ikkje til filming frå lufta.*
- *Helikopter skal ikkje synleggjerast på filmen.*

- *Flyginga med helikopter skal ta omsyn til andre brukarar og naturmiljøet.*
- *Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller underteikna skal ha melding seinast dagen før transporten skal gjennomførast.*
- *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.juni om gjennomført flyging.*

Løyvet gjeld berre i høve verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark. I tillegg krevst handsaming av Stryn kommune som mynde etter motorferdsellova. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.

Epost 17.04.2020 - Søknad om utvida tal turar

Visit Nordfjord ved reiselivssjef Marita Lindvik sendte fredag 17.04.2020 epost og tok telefonisk kontakt med nasjonalparkforvaltar for å varsle om at dei ynskte å gjennomføre prosjektet som planlagt, men at dei hadde trong for 1 til 2 ekstra turar med helikopter. På grunn av korona-pandemien er det blitt innført restriksjonar på kor mange personar som kan vere med ved flyging. Reglane tilseier at det berre er lov å ta med 2 personar i kvart løft. På grunn av usikkerheit om endringar i regelverket knytt til helikoptertransport og korona, kom denne søknaden om ekstra turar svært tett på tidspunkt for flyging.

I delegert sak (DS) 5/16 vart det gjeve løyve til inntil 5 ekstra landingar med helikopter til Bergen og Hordaland turlag for flyging av ved til Skålabu.

Vurdering

Etter nasjonalparkforvaltar si vurdering bør det vere kurant å gje ein auke i tal flygingar i denne saka. Korona situasjonen gjer at føresetnadane for å kunne gjennomføre filminga som planlagt er endra sidan søknaden vart handsama av styret.

Endring i tal turar frå maksimalt 4 til maksimalt 6 vil etter forvaltar si vurdering ikkje ha særlege negative konsekvensar for verneverdiane i nasjonalparken. Det vil verte litt meir uro for folk som måtte vere i området denne dagen, men auke frå 4 til 6 turar på same dag vil likevel medføre små konsekvensar totalt sett. Det er heller ikkje stor fare for uheldig presedens knytt til vedtaket om auka tal turar, sidan det er koronasituasjonen og reglar knytt til denne som er grunnen til at det er trong for fleire turar.

Det er frå før etablert forvaltningspraksis for å kunne gje eit auka tal flygingar med helikopter som delegert vedtak, jfr. ds-sak 5/16.

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida flyperiode for helikoptertransport til Skålabu 2020 - Bergen og Hordaland turlag

Delegert vedtak

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7.september har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møte den 14.mars 2016 gjort vedtak om å delegera handsaming av einskilde saker av kurant karakter til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffe vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta.

**I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, å gje Bergen og Hordaland turlag utvida flyperiode fram til og med 4.juni 2020 for frakt mat og utstyr til Skålabu.
Vilkåra i rammeløyvet er framleis gjeldande.**

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyveløyve, med unntak av at det er opna for flyging fire dagar inn i juni månad i 2020. Bergen og Hordaland turlag (BHT) har eit gjeldande rammeløyve på inntil ti landingar med helikopter årleg fram til og med 2022.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad på epost frå BHT v/Per Arne Aadland datert 20.05.2020
- Epost frå BHT datert 22.05.2020
- Epost frå BHT datert 27.05.2020
- Rammeløyve helikoptertransport til Skålabu for åra 2017-2020, datert 20.10.2017
- Delegert vedtak – ekstra landingar ved Skålabu 2018, datert 23.02.2018
- Utvida løyve til landing ved Skålabu 2019-2022 BHT, datert 04.03.2019

Søknaden

Bergen og Hordaland turlag, heretter kalla BHT, kontakta nasjonalparkforvaltar onsdag 20.mai 2020 for å diskutere mogelegheit for å strekkje flygeløyve for helikoptertransport inn i juni månad. Forvaltar bad om at BHT sendte inn ein skriftleg søknad med dei argumenta som var nemnt i telefonsamtalen.

Bergen og Hordaland turlag sökte i epost datert 20.05.2020 om løyve til å utsetje helikoptertransport til Skålabu til fyrste mogelegheit i juni månad. Søknaden vert grunngjeven med dei store snømengdene i fjellet og medfølgjande rasfare og den spesielle koronasituasjonen som har vore i vår. Fleire i staben til BHT har vore permittert grunn koronasituasjonen, dette har medført at planlegging og gjennomføring av transport til hyttene har blitt forseinka. I søknaden vert det presisert at BHT ynskjer å fly 27.05.2020, men vermeldingane er därlege og rasfaren stor, så dei søker for sikkerheitsskuld om utviding til fyrste mogelegheit i juni.

Fredag 22.mai sendte BHT epost om at den planlagde transporten onsdag 27.mai vart utsett på grunn av framleis därlege vermeldingar og stor rasfare.

27.mai fekk nasjonalparkforvaltningsa epost med melding om at BHT ynskjer å flyge tysdag 2.juni.

BHT sitt gjeldande rammeløyve for flyging til Skålabu

BHT har eit rammeløyve som vart fornya ved styrevedtak 30.10.2017 og seinare utvida ved styrevedtak 04.03.2019. Løyvet gjeld inntil 10 helikoptertransportar i månadane mai og august-november.

Frå saksprotokollen, utvalssak 36/17, frå møte 30.10.2017:

Handsaming i møte

Styret var samd i at det var viktig å unngå flyging i helgar og andre store utferdsdagar. Styret vil også presisere at Bergen og Hordaland turlag kan søkje forvaltar om ytterlegare helikopterflyging i særskilte tilfelle, jf. delegeringsreglementet, men i utgangspunktet holde seg til den ytre ramma som no er løyvd dei neste fire åra.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Bergen og Hordaland turlag for ytterlegare to turar (2) med helikopter pr. år, i tillegg til dei seks årlege turane som turlaget har i fireårsperioden 2017 - 2020. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar også perioden som turlaget har høve til å fly, til innanfor den same fireårs-perioden. Bergen og Hordaland turlag fordeler dei åtte turane mellom vår og haust ut i frå eigne vurderingar.

1. *Løyvet gjeld inntil åtte landingar/dropp med helikopter ved Skålabu, traseen skal følgje kortaste veg via Breng i Lodalen til Skålabu.*

2. *Løyvet gjeld månadene mai og oktober/november kvart av åra 2017 - 2020, utanom laurdagar, sundagar, heilagdagar og offentlege fridagar.*
3. *Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta. Dersom det trengs folk til å ta i mot underhengande last frå helikopteret, må disse ev flygast opp innan den same ramma på åtte turar.*
4. *Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på føremiddagen eller sein på ettermiddagen.*
5. *Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.*
6. *Statens naturoppsyn ved Anne Rudsen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltaren (mob: 93664256) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.*
7. *Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.*
8. *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.desember kvart år løyet gjeld om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som vart transportert og ev andre observasjonar.*

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune, samt grunneigar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår med dette søknaden å nytte laurdagar, sundagar, laurdagar og offentlege fridagar til flyging, av omsynet til friluftslivet, og gir heller ikkje løyve til å fly i juni, juli og august.

I vedtak gjort 04.03.2019 vart det gjeve 2 ekstra flygningar og lagt til eit punkt med krav om samordning av transport med arrangøren av Skåla Opp.

Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, andre strekpunkt) for at det kan gjevast dispensasjon for motorferdsel for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer. Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsela til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast».

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og veklagt i saka.

Vurdering

Dei store snømengdene kombinert med vind i mai månad har gjeve svært spesielle tilhøve i fjellet, med stor rasfare mange stader, m.a. i området opp mot Skåla. Rasfaren var enno stor seint i mai. Koronasituasjonen har og medført usikkerheit og spesielle utfordringar for BHT og andre friluftsorganisasjonar denne våren. Sakshandsamar vurderer det som lite truleg at ein tilsvarande kombinasjon av pandemi og store snømengder seint på våren vil oppstå igjen, det er difor liten fare for at denne saka skapar presedens for utviding av flygetid.

Flyging seinare enn det som er vilkåra i rammeløyvet vil ikkje medføre auka samla belastning på naturverdiar, sidan tal turar vil vere det same (§ 10 nml).

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å *gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*. Men det følgjer naturleg av ei turisthytte i nasjonalparken å også gje løyve til transport av ved, gass og proviant. Helikopter er det motoriserte framkomstmiddlet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre metodar for transport av større mengder varer til Skålåtårnet er ikkje mogeleg, utan at konsekvensane for naturmangfaldet vert større (§ 12 nml).

For dyreliv har motorferdsel ein forstyrrande effekt. Jamfør Fylkesmannen i Vestland er det registrert hekkelokalitetar av sårbare artar i utkanten av ein stor radius rundt den planlagde flyginga. Det er likevel så langt unna at det ikkje vil bli påverka av støyen dersom flyginga held den traseen som er skildra i rammeløyvet. Det kan ikkje utelukkast at det er fleire hekkelokalitetar i det omsøkte området, men vi har ingen registreringar pr. dags dato (§ 8 nml). Dei raudlista artane lirype og fjellrype er registrert i området.

Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis for motorferdsel i Verneområda. Ei mindre flytting av flygeperioden i 2020, med grunnlag i koronasituasjon og ekstreme snøtilhøve seint i mai gjev liten grunn for å frykte uføresette verknader som gjer det relevant å vise til nml § 9 i denne saka.

§ 11 i naturmangfaldlova om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren vurdere at flyttinga av flygeperiode med inntil 4 dagar ikkje er i strid med verneføremålet og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.